Samla gir etter denne oversikt fiskeflåten i Sande sysselsetting for omlag 146 personar på årsbasis, som medfører at fiskeflåten frå Sande kan sysselsette omlag 74% av heilårsfiskarane i kommuna. Tek ein bort fabrikktrålarane med 2x25 mann har ein sysselsetting for omlag 49% av fiskarane på blad-B i Sande.

### Vanylven.

Eit større fiskefartøy er heimehøyrende i Vanylven ved utgangen av året. Dette sysselset omlag 14 personar. Fartøyet driv ringnot og kolmuletrål. Fartøyet har hatt stabil god drift dei siste år og også i beretningsåret.

Ei gruppe på 4 mindre notfartøy mellom 12 og 20 m er heimehøyrende i Vanylven. To slike fartøy gikk ut av kommunen i 1990. Desse driv fiske etter brisling, sei og sild og deltek i vårtorskefisket med garn. Desse fartøy er heilårsdrevne og utgjør omlag 10 arbeidsplassar på årsbasis. Desse hadde eit heller svakt resultat i 1990, noko av dette skriv seg frå reguleringa i torskefisket.

Den øvrige fiskeflåte som er registrert i merkeregisteret som utgjør 32 fartøy er mindre kystfartøy. 3 av desse er drevne på heilårsbasis, dei øvrige har ujamn aktivitet som er heller liten. På årsbasis vil aktiviteten utgjere omlag 6-8 årsverk for denne gruppe.

Samla utgjør dermed etter denne oversikt aktiviteten i fiskeflåten ved årskiftet omlag 30 årsverk. Dette medfører at omlag 78% av heilårsfiskarane må ha sin aktivitet på fartøy frå andre kommuner.

### Volda

Me registrert for volda tel 19 fartøy. Dette er berre mindre fartøy, med liten aktivitet.

Samla vil sysselsetting av flåten utgjere omlag 2-3 årsverk. Alle heilårsfiskarar frå Volda må dermed ha sin aktivitet på fartøy utanom kommunen.

Eit generell utviklings-trekk kan belysast ved endringa i flåten i Sande dei siste år. Ein har valgt 1985 som utgangspunkt då det synest vere lite skifting eit par år før det.

Ein har og valgt å halde Ervik-rederiet sin trålarflåte utanfor då desse har særforhold.

### Sidan 1985 er i SANDE (over 10m):

7 fartøy	kondemnert	sum lengde	111,6m =	gj.sn.	15,9	18 arb.pl.
11 fartøy	avvikla/seld	sum lengde	305,1m =	gj.sn.	27,7	78 " "
17	SUM		416,7m =		24,5	96

7 fartøy	innkjøpt	sum lengde	136,6m =	gj.sn.	19,5	35 a.pl.
10 fartøy	AVGANG		280,1m =	gj.sn.	28,0	61 a.pl.

19 fartøy	DAGENS FLÅTE		399,6m =	gj.sn.	20,0	96 a.pl.
-----------	--------------	--	----------	--------	------	----------

Vanylven "miste" 4 av sine største fartøy i det same tidsrom med tilsaman omlag 45 arb.plassar. To av desse fartøy kom inn i tidsrommet.

Volda "miste" ved kondemnering sitt mest aktive fartøy og i same tidsrom, dette representerte omlag 3 arb.plassar.

For distriktet synest endringa at avgangen er betydeleg og utviklar seg mot mindre einheiter. Endringa i fiskarmanntalet viser ikkje direkte samsvar i utslag av denne reduksjon for kommunene.

### 3.3 KONSESJONSBILDE FOR KOMMUNANE.

Konsesjonstype	Sande	Vanylven	Dreve i komb.med.
Fabrikktrål (Torsk)	1	0	
Industrietrål	4	0	Snurrevad/Reketrål.
Ringnot	0	1	Kolm.trål
Brisling	0	3	Seinot/Kystnot/Garn.
Kvalfangst	1	0	Snurrevad
Sum Konsesjonar	6	4	
Antall Fartøy	6	4	

Grunna særlige ressursforhold har berre ein konsesjon i Sande (Fabrikktrål) og ein i Vanylven (Ringnot) vore i aktivitet i 1990.

OVERSIKT OVER LANDINGAR AV FISK LOKALT. OMSATT GJENNOM SUNNMØRE OG ROMSDAL FISKESALGSLAG FRÅ FARTØY HEIMEHØYRANDE I SANDE, VANYLVEN OG VOLDA. SAMLA FOR 1989 OG 1990.

Oversikta er for fisk og skalldyr, Torskesektoren. (Ikke sildesektoren, Sild, brisling og makrell)

Viktigaste fiskeslag og sum, kommunevis, volum i ton, verdi i 1000 kr., % av sum kommunevis og totalt og endring.  
Volda noko redusert framstilling.

SANDE:	Vekt			Verdi			Del av verdi.	
	1989	1990	Endr.	1989	1990	Endr.	1989	1990
Fiskeslag								
Torsk	1040	503	-537	9925	6950	-2975	27%	28%
Sei	1002	430	-572	4614	1982	-2632	13%	8%
Hyse	341	60	-281	3003	676	-2327	8%	3%
Lange	555	312	-243	6071	3371	-2700	17%	14%
Brosme	641	486	-155	4529	3338	-1191	13%	14%
DIVERSE	412	882	+470	8058	8315	+ 257	22%	33%
SUM SANDE	3991	2673	-1318	36220	24632	-11588	Ned	32%
VANYLVEN								
Torsk	32	27	- 5	341	375	+ 34	51%	63%
Sei	25	30	+ 5	122	83	- 39	18%	14%
Hyse	3	2	- 1	19	15	- 4	3%	3%
Lange	1	0,6	-0,4	10	6	- 4	2%	1%
Brosme	18	12	- 6	170	110	- 60	25%	18%
DIVERSE	1	0,6	-0,4	10	7	- 3	1%	1%
SUM VANYLVEN	80	72	-7,8	672	596	- 76	Ned	11%
VOLDA								
VOLDA SUM	5,1	10,5	+5,4	43	102	+ 59	Opp	137%

SAME OVERSIKT ETTER FISKEREDSKAP, SANDE, VANYLVEN OG VOLDA SAMLA.

Heile 1000 kr.				1989	1990
Redskap.	Verdi 89.	Verdi 90.	% av total verdi.		
Bunntrål	13.559	9.955	37	39	
Line	13.770	9.058	37	36	
Skjellskrape	5.661	2.009	15	8	
Snurrevad	868	1.097	2	4	
Teiner	1.036	853	3	3	
Garn	938	1.673	3	7	
Garn udefinert	800	422	2	2	
SUM	36.632	25.067	99	99	
Reketrål					
Ruser					
Juksa /pilk/snøre					
Landnot		Sum annet			
Surpenot	( 417	296	Sum	1	1 )
Totalt	37.049	25.363	100	100	

Av totalen tok	Sande	1989	98,1%	1990	97,2%
	Vanylven		1,8%		2,4%
	Volda		0,1%		0,4%

Dette gir då eit bilde av kor stor del av samla fiske dei ulike fiske og reiskap utgjer. Ein vil gjere merksam på at dette ikkje er totalbildet då sildesektoren ikkje er med og heller ikkje landingar til andre salgslag.

#### 4.0 FOREDLINGSLEDDET.

##### 4.1 FISKEBEDRIFTENE.

I Sande har der vore aktivitet ved desse bedriftene i 1990.

1. J.M.Bringsvor, Sandshamn Salting/tørking.
2. Mykle Preserving, Sandshamn. Fryseprodukt.
3. Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika. Hermetikk.

I Vanylven har det ikkje vore foredlingsaktivitet med unntak av Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett som har eige pakkeanlegg beregna på sin eigen produksjon. Mot slutten av året kom det prøvedrift igang for nytt produksjon/pakkeanlegg for oppdrettsfisk frå Vanylvsfjord området. Anlegget er dreve under firmanamnet Aqua Produkt Vest og overtok produksjonsnummeret til Skorge og Bjørge som då vart nedlagt. Anlegget ventar vere i full drift i 1991 og gi verdfull sysselsetting i området, med gjerne 15/20 arbeidsplassar i hovudsesongen for slakting.

Volda har ikkje foredlingsbedrifter med unntak av slakting og pakking av oppdrettsfisk ved Norsk Ørretoppdrett, Lauvstad. (SUNLAKS). Denne er ikkje utskilt frå selskapet og går inni verdiskapning i selakapet.

Volda Fiskemat A/S, Mork har hatt eit middels år i 1990. Stabile og gode råstofftilførdslar er eit stadig problem for bedrifta. Stigande fiskeprisar siste år måtte tilpassast. Aktivitet for bedrifta viser:

1988

Tilsette: 9 menn 1 kv. = 10, Omsetning 8,5 mill.kr. 11 årsverk.

1989

Tilsette: 10 menn 1 kv = 11, Omsetning 10,3 mill.kr. 12 årsverk

1990

Tilsette: 10 menn 1 kv = 11, Omsetning 10,6 mill.kr. 12 årsverk.

#### FOREDLINGSBEDRIFTENE I SANDE, AKTIVITETS-OVERSIKT, 1990.

<u>NAMN</u>	<u>TILSETTE</u>	<u>OMSETNING</u>	<u>ÅRSVERK</u>
J.M.Bringsvor	3 kv. 7 m	5,2. mill.	5,0
Mykle Preserv.	5 kv. 1 m	0,85 mill.	3,0
Sandanger Herm.	12 kv. 1 m	3,9. mill.	8,0
SUM 1990	20 kv. 9 m (29)	9,95 mill.	16,0
SUM 1989	22 kv. 8 m (30)	10,4. mill	18,0
SUM 1988	25 kv. 7 m (32)	11,8. mill.	22,0
SUM 1987	25 kv. 8 m (33)	15,6. mill.	25,0
SUM 1986	25 kv. 11 m (36)	20,0. mill.	27,25

Mange av kvinnene er deltidstilsette. Menn er vesentleg heiltidstilsette.

#### 4.2 RÅSTOFF, PRODUKSJON, KVANTUMSUTVIKLING.

Mangel på råstoff har vore hemmande for aktiviteten. Ein er i utvikling mot stadig skjerpa konkurranse. Stigande råstoffprisar og aukande produksjonskonkurranse, tollbarrierer på ferdigprodukt fører mot utførdsel av fisken som råvare. Råvareeksport krev gode kommunikasjonar. Kapitallånekostnader er høge og medfører at for langsiktig produksjon krevs høg arbeidskapital i bedrifta. Dei siste vanskelige år har tært hardt på slik arbeids/driftskapital. For 1990 vart noko råstoff innhenta frå utlandet også til våre bedrifter, torsk frå Canada/Alaska.

BRINGSVOR er eit fiskebedriftskonsern med anlegg i andre kommuner. Innan fiskeforedling er J.M.Bringsvor A/S lokalisert i Sande. I tillegg har ein oppdrettsanlegget Bringsvorlaks lokalisert i Sande. Produksjonen har vesentleg vore innan saltfisk/tørrfisk. Dei siste åra har serleg tørrfisk vore inne i ei vanskeleg periode med omsetninga. Dette har ført til store lager som har hemma bedriftene. Saltfisk har hatt litt betre forhold dei siste år og i 1989 vart klippfisk-markedet noko betre og har halde seg.

J.M.BRINGSVOR A/S arbeider vesentleg i tradisjonell fiskeforedling salting/tørking. Dei siste år har bedrifta hatt slakting og pakking av laks frå Bringsvorlaks A/S som er del i konsernet. Dette inslaget venta ein skulle auke i 1989 då bedrifta bygde ut til sanitærslateri og fekk tilknytt eit anlegg til for slakting, men sjukdom og reduserte prisar førte til redusert slakting. Sakte aukande aktivitet på tradisjonell produksjon og auke i slakting gjer at ein meiner å vere ute av den nedadgåande trend bedrifta har vore inne i dei siste år.

SANDSHAMNFISK A/S har ikkje hatt aktivitet sidan 1985.

MYKLE PRESERVING har over fleire år vore inne i omstilling. Bedrifta lanserte nytt produkt i 1986. Ein var klar å kome igangmed produksjon av dette i 1987. Markedsføring av dette produkt viser positiv utvikling, men synest ta lenger tid enn venta. Vesentleg endring fekk ein ikkje i -89 og -90, men positive trekk er noterte.

SANDANGER HERMETIKK har igjen hatt eit rimelig år. Aktiviteten er i stagnasjon for dei siste tre år. Hermetikk-markedet har vore vanskeleg dei siste år og synest forverre seg. Bedrifta er i søk etter nye produkt og har fleire i emning, men vantar enno utslag av desse.

OVERSIKT OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I SANDE GJENNOM  
SUNNMØRE FISKESALGSLAG I 1988 OG 1989

For 1990 har ein ikkje denne statistikk.

Fiskeslag	1988		1989	
	Kvantum kg.	Verdi i Kr.	Kv/kg.	Verdi/Kr.
Akkar	0	0	0	0
Blålange/brosme	64.899	375.782	62.937	382.234
Hyse	31.949	245.292	26.460	201.865
Kveite/Flyndre	660	3.447	0	0
Lange	42.314	462.073	24.391	462.073
Lyr	1.130	5.603	0	0
Sei	186.080	798.965	174.544	879.310
Torsk	43.341	445.103	70.747	783.609
Diverse	3.098	17.220	6.155	59.391
SUM	373.471	2.353.485	365.234	2.586.540
SUM 1987	581.950	4.482.945		
SUM 1986	585.165	4.373.025		

ENDRING I GJENNOMSNITTPRIS I LOKALE LEVERANSAR 1984 - 1989.

FISKESLAG	1984	1986	1988	1989
Torsk	6,20	9,90	10,28	11,08
Sei	2,53	5,61	4,29	5,04
Hyse	5,17	6,25	7,69	7,62
Lange	6,39	11,27	10,92	11,48
Brosme	4,15	7,47	5,79	6,08
Diverse	1,56	5,64	5,55	9,58
Akkar	4,00	4,66	----	----

ENDRING I KVANTUM OG VERDI OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I  
SANDE GJENNOM SUNNMØRE FISKESALGSLAG. 1981-89.

Ar	Kvantum ton	Verdi (1000 kr.)	Kvantum	Verdi
1981	2.319	11.853	0	0
1982	1.660	5.968	ned 28%	ned 49%
1983	1.310	6.504	ned 21%	opp 9%
1984	1.110	4.826	ned 15%	ned 26%
1985	515	3.246	ned 54%	ned 33%
1986	585	4.373	opp 14%	opp 35%
1987	582	4.483	ned 0.5%	opp 2,5%
1988	373	2.353	ned 36%	ned 48%
1989	365	2.587	ned 0.02%	opp 0,1%

Inntaket av fisk til bedriftene i Sande for 1990 vart omlag det same som i 1989. Ein har og i 1990 forsøkt importere råvare frå utlandet. (Torsk frå Alaska, Canada).

## 5.0 FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR (HAVBRUK)

### 5.1 KONSESJON- OG AKTIVITET-OVERSIKTER.

Fiskeoppdrett er etter lov underlagt et konsesjonssystem. Ein må derfor ha tillatelse, løyve eller konsesjon for å drive fiskeoppdrett. Dei tre orda betyr i praksis det same. I oversikt som fylgjer er alle medtekne.

KONSESJONSOVERSIKT. (antal)	ENDR. 1990					
	Type	Sande	Vanylven	Volda	S	Va
Matfisk Laks/Aure	3	1	3	0	-1	0
Stamfisk Laks/aure	0	1	1	0	0	0
Matfisk Torsk	2	0	1	0	0	0
Åleoppdrett	1	0	0	0	0	0
Oppdrett Kveite/Piggvar	7	2	0	0	0	0
Settefisk Laks/Aure	0	3	8	0	-1	0
Kjempereker	0	1	0	0	0	0
SUM 1990	13	8	13	0	-2	0
SUM 1989	13	10	13	5	-1	1
SUM 1988	8	10	12	1	1	1
SUM 1987	10	19	26	5	3	2

Konsesjonsantal-auke i Sande er på oppdrett av marine artar. Eit anlegg for kveite og eit anlegg for piggvar kom i prøve-oppstart i 1989.

Den relativt store nedgangen i løyver 1987-88 er sletting av skaldyrtilletelsar.

Ein løyve for settefisk laks/aure vart inndrege i Vanylven.

Bak i meldinga finn ein kart over anleggsplassane som er komne i drift i distriktet.

### AKTIVITETSOVERSIKT HAVBRUK. 1990. (Anlegg i drift)

#### SANDE

Anlegg	Tilsette	Salg.	Arbeidsinsats
Bringsvorlaks	3	3,5 mill.	3,2 årsverk.
Vestlaks	3	4,7 mill.	4,0 årsverk.
Flatøy Fiskeoppdr.	3	4,8 mill.	3,0 årsverk.
Scan-Aal	0,5	0,3 mill.	0,5 årsverk.
Sande Seafarm (Kveite)	0,5	0 mill.	0,5 årsverk.
Breivik Seafarm (Piggv)	1,0	0 mill.	1,5 årsverk.
Sum Sande 1990	11	13,3 mill.	12,7 årsverk
Sum Sande 1989.	11,5	12,9 mill.	12,7 årsverk.
Sum Sande 1988	10,5	12,3 mill.	10,7 årsverk.
Sum Sande 1987	8	12,4 mill.	9,0 årsverk.
Sum Sande 1986	7,5	12,0 mill.	7,0 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			7,0 årsverk.

VANYLVEN

Anlegg	Tilsette	Salg.	Arbeidsinnsats.
Van. Stam og Settef.	9	10,5 mill.	12,0 årsverk.
Skorge og Bjørge f.	4	4,0	5,5 årsverk.
Starlaks.Avvikla jan-90	0	1,1 mill.	0,5 årsverk.
Vest Akva	3,5	0 mill.	5,0 årsverk.
Sum 1990	16,5	15,6 mill.	23,0 årsverk.
Sum Vanylven 1989.	20	26,5 mill.	24,0 årsverk.
Sum Vanylven 1988	19	22,0 mill.	21,5 årsverk.
Sum Vanylven 1987	18	16,0 mill.	20,0 årsverk.
Sum Vanylven 1986	13	12,5 mill.	15,0 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			9,0 årsverk.

VOLDA

Anlegg	Tilsette	Salg.	Arbeidsinnsats.
Dalsfj.Fiskeop/Sunlaks	3,5	6,4 mill.	3,5 årsverk
Steinsvik Laks	8	3,9 mill.	5,5 årsverk
Juvel Laks	0	0 mill.	0 årsverk
Straume Fiskeop.	2	2,2 mill.	2,0 årsverk
Sunlaks	4+(20)*	14,7 mill.	8,0 årsverk
Kvangardsneslaks	3	10,8 mill.	5,6 årsverk
Johs. S. Gjerdsdal	1,5	1,6 mill.	1,5 årsverk
Silverlaks	0	0 mill.	0 årsverk
SUM VOLDA 1990	22+(20)	39,6 mill.	26,1 årsverk
SUM VOLDA 1989	29 +(15)	35,86 mill.	31,1 årsverk
SUM VOLDA 1988	44,5 +(15)	51,3 mill.	41,5 årsverk
SUM VOLDA 1987	33,0	19,1 mill.	31,5 årsverk
SUM VOLDA 1986	27	12,3 mill.	27,0 årsverk

( )\* Tilsette ved pakkeanlegget, deltidarbeid.

Dei to anlegga Juvel-Laks og Silverlaks var ikkje i drift i 1990. Desse utgjorde for 1989 5,5 tilsatte og 4 årsverk.

5.2 MATFISK-OPPDRETT LAKS/AURE I SJØEN.

1989 vart eit vanskeleg år for heile oppdrettsnæringa i distriktet. Sviktande prisar og sjukdomsutbrot av slik omfang at ein såg heile lakseoppdrettsnæringa i fare. Ein såg seg nøydd til ei relativ stor omlegging av drifta om næringa skulle ha framtida for seg. Slik omlegging til drift etter ein smittehygienisk modell (Sunnørsmo-modellen) vart det omlagt til og ein var dermed spent på korleis utviklinga ville bli i 1990. I ettertid med bakgrunn i det siste år kan det sjå ut som omlegginga har hatt sin verknad då det store negative utslag ein hadde frykta ikkje synest ha intruffe. Noko utslag kan ein registrere og enkelte anlegg vart hart ramma, men etter aktivitetstal synest ein samla enno i godt gjenge. Ein meiner at med nye driftsformer og andre tiltak som er innførde og under innføring vil næringa snart igjen vere i vekst. Optimismen er igjen på vei inn i næringa, dog sterkt redusert av dei siste års hendingar, men det vil utan tvil også styrke næringa og trygge framtida.

### 5.3 OPPDRETT LAKS/AURE, SETTEFISK.

Dei anlegga som fekk sjukdom i denne del av næringa fekk ikkje selje fisken sin og det førde til store tap. For dei selskap som var nystarta førte dette til uoverkomelige økonomiske problem. Ein fekk eigarendringar og refinansieringar for å kome igang på nytt. Over tid reknar ein med at alle anlegg vil vere i aktivitet igjen. Restriksjonar på føring av settefisk kan føre til at produksjonen må noko meir lokaltilpassast enn tidlegare. Ein har dermed overproduksjon i enkelte distrikt og underdekning i andre distrikt. Generelt hadde ein overproduksjon i 1988 og 89 men etter at ein finn betre naturlegge reguleringar som ein ventar dei nye driftsformer vil klarlegge, vil produksjonen verte lettare regulert.

Ein ventar ei restriktiv linje vedrørande nye løyver.

### STAMFISK LAKS/AURE.

Nye forskrifter for stamfisk til Laks/Aure kom i 1986. Etter desse er det to hovuddelingar. Eit opplegg går ut på at eit sentralt avlsråd i oppdrettsforeninga sin regi med fylkesavdelingar får tildelt stamfisk-stasjonar med underanlegg. Vanylvsfisk vart utpeika av dette råd til underanlegg og vil etter systemet få drive avlskonsesjon på 8000 kub.m etter retningslinjer frå avlsrådet. Anlegget er lagt til Slagnesvika, og kom i drift i 1987.

Det andre opplegg er at konsesjons-innehavarar av begge typer i Laks /aure kan søkje om tilleggskonsesjon på 1000 kub.m. for stamfiskoppdrett. Inntil fire søkjarar kan gå saman om et anlegg, ei slik konsesjon har tilfalle Volda. Anlegget i Volda kom i drift i 1988, men vart avvikla i 1989.

Vidare utvikling i denne del vil ein måtte avvente resultat frå det etablerte og etterspøselen etter rogn.

Foreløbig ser utviklinga av fleire slike anlegg å vere vanskeleg.

### 5.4 SKJELLDYRKING.

Interessa for skjelldyrking er relativ lav i distriktet. Dette har vesentleg sin grunn i at økonomien er svak for slikt oppdrett. Etter forsøk som er gjorde synest vekstforholda vere gode for blåskjell. Problem med ærfugl er ikkje løyste. For østers synest veksten vere i svakaste laget. Den svake økonomien gjer at innsatsen er svak. Det er utdelte mange tillatelsar i distriktet som ikkje har vore i drift og desse er under inndraging. I 1988 vart dei fleste tillatelsar sletta.

Berre eit anlegg i Volda har noko aktivitet.

#### 5.5 OPPDRETT NYE ARTAR.

Interessa for nye artar er stor i distriktet. Den største interesse har vore for oppdrett av kveite. Denne interesse vart noko redusert i 1988 då ein frå forskingshald har fått melding om at det synest ta lenger tid før teknikk for yngelproduksjon er funnen. Ellers er det ved søknader vist interesse for torsk, ål, kjempereker, og forsøk med slikt oppdrett er igang eller nær foreståande.

Interessa for varmekjære fiskeslag har auka i 1988 då teknikk for resikulasjonsanlegg synest vere i positiv utvikling.

Piggvar og Sea-bream i saltvassanlegg (landbaserte) synest mest aktuelle då desse er høgprisfisk og yngelproduksjon utprøvd.

Interessa for slik aktivitet er rimeleg fordelt i distriktet og av slik styrke at ein kan vente vekst i anleggsaktivitet innan kort tid. Ein svært restriktiv kapitaltilgang gjer at mange planar ikkje allereie er realiserte.


Prøvedrift av kveite er igang ved Sande Seafarm, Gjerdsvika og liknande prøve for piggvar/kveite er igang ved Breivik Seafarm, Larsnes. Åleoppdrett i Gjerdsvika ved Scan-Al/Aqua-Marin er i drift.

FISKEOPPDRETT I SANDE  
OG VANYLVEN:

ANLEGGSPASSAR:

MATFISK = X

SETTEFISK = □



SANDE

GURSKØY

VANYLVSØYEN  
Kvamsøy  
Svinøy Fyr

ADLANDET  
LEIKANGER

SELJE

VANYLVEN

VANYLVSFJORDEN

Herøyfjorden  
TARBERG  
Hiddegjøla  
Sandanger  
Sudalsvatnet  
Gursken  
GURSKEN  
MYKLEBOST  
RAUDSKARD  
GURSKEGÅL  
SKOGEVATNET  
GURSKEVÅGEN  
LARSNEE  
MALLE  
DALEH  
ARVIK


Roudefjorden  
ROYDET  
Sydsnes  
KOPARNE  
Sandvik  
Sandvik  
KROKVIK  
Flugeyåg  
Børelvatn  
EIDSA  
FISKA

Syltefjorden  
Torvik  
ÅHEIM  
MYKLEBOST  
GUSDAL  
SUNDAL  
HELEBOST  
ALMKLOV  
Bekselvatnet  
Mylvatnet  
Daleszier  
Myszier

KJELLSUND  
EIKANGER  
KLEPPA  
JØSAK  
VOLLNES  
LAUPE  
RESE  
VILSVIK  
SUNDRØY  
ÅSEN

Mørkevattnet  
Skår  
SYDSBOTN  
SYVDE  
MYKLEBOST  
VERRAEN

Bleiskardtind  
MELFOT  
DAL  
Steir



Fiskeoppdrett i Volda

Amleggs plasser:

Matfisk: x

Sittfisk: ■

## 6.0 LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

### 6.1 STATENS FISKARBANK

Statens Fiskarbank er tiltenkt å vere verktøy for politisk styring av fiskerinæringa. Den administrerer også nokre av tilskotsodningane/strukturiltaka forhandla gjennom hovudavtalen mellom staten og fiskerinæringa.

Nokre av Fiskarbanken sine adm.oppgaver:

#### LÅN:

1. prioritet lån	rente 11.5%
2. prioritet lån	rente 10.5% (Eldre tilskotsordn.)
Stønadslån	rente 11.5% (Eldre tilskotsordn, 5 års rente og avdragsfritt)
Likviditetslån	rente 11.5% (Støtte til ny tur)
Driftskreditt	rente 11.5% (Eldre ordning)
Redskapslån	rente 11.5%
Rentesubsidielån	rente 8.0% (Til nybygg og omb.)
Investeringsstilskot	Til nybygg med innv. rentesub-lån

STØTTE, TILSKOT: (Etter hovudavtalen med Staten, strukturiltak)  
Kondemnering av eldre uhensiktsmessige fartøy.  
Støtte til arbeidsmiljøforbetring ombord.  
Støtte til mekanisering av kyst-line-fartøy.  
Tilskot til etablering av samarbeids-selskap i fiske.  
Ellers ulike støttetiltak og lån til strukturendring i fiskeflåten og fiskeindustrien.

Desse ordningane varierar frå år til år.

### OVERSIKT OVER LÅNEGJELD I ST.FISKARBANK, KOMMUNEVIS.

#### SANDE:

Utestående pr. 31/12-85.	Kr. 26.790.267,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 26.427.999,-
Utestående pr. 31/12-87.	Kr. 22.909.727,-
Utestående pr. 31/12-88.	Kr. 30.469.785,-
Utestående pr. 31/12-89	Kr. 32.611.406,-
Utestående pr 31/12-90	Kr. 27.155.245,-
Innvilga lån 1985	Kr. 10.857.981,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.950.000,-
Innvilga lån 1987	Kr. 4.450.000,-
Innvilga lån 1988	Kr. 4.699.751,-
Innvilga lån 1989	Kr. 6.236.450,-
Innvilga lån 1990	Kr. 2.815.550,-
Søknad om lån 1988	Kr. 15.660.586,-
Søknad om lån 1989	Kr. 16.618.154,-
Søknad om lån 1990	Kr. 5.417.226,-

VANYLVEN:

Utestående pr. 31/12-85.	Kr. 11.004.232,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 11.689.997,-
Utestående pr. 31/12-87.	Kr. 14.593.415,-
Utestående pr. 31/12-88.	Kr. 14.715.385,-
Utestående pr. 31/12.89.	Kr. 6.285.810,-
Utestående pr. 31/12.90.	Kr. 5.101.640,-

Innvilga lån 1985	Kr. 20.000,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.745.000,-
Innvilga lån 1987	Kr. 0,-
Innvilga lån 1988	Kr. 870.000,-
Innvilga lån 1989	Kr. 800.000,-
Innvilga lån 1990	0,-

Søknad om lån 1988	Kr. 36.989.890,-
Søknad om lån 1989	Kr. 5.042.000,-
Søknad om lån 1990	0,-

VOLDA

Utestående pr. 31/12.87.	Kr. 10.680,-
Utestående pr. 31/12.88.	Kr. 73.330,-
Utestående pr. 31/12.89.	Kr. 59.990,-
Utestående pr. 31/12.90	Kr. 46.650,-

Innvilga lån 1987	Kr. 0,-
Innvilga lån 1988	Kr. 80.000,-
Innvilga lån 1989	Kr. 0,-
Innvilga lån 1990	Kr. 0,-

Søknad om lån 1988	Kr. 0,-
Søknad om lån 1989	Kr. 0,-
Søknad om lån 1990	Kr. 0,-

TAKSTNEMDER:

Statens Fiskarbank har kommunalt utnemde takstnemder. For perioden 1988-91 er disse utnemde.

SANDE:

<u>Medlemer</u>	<u>Varamenn</u>
Fredrik Baade, Sandhamn (Form.)	1. Roar Kvamme
Gunnar Gjerde, Gjerdsvika (N.form.)	2. Marvin Longva
Martin Nystøyl, Åram (Medl.)	3. Mindor Gjerde

VANYLVEN:

Per Voldsund, Eidså (Form.)	1. Per Strand
Kåre Krokvik, Fiskåbygd (N.form.)	2. Arthur Wik
Svein A. Nordal, Syvde (Medl.)	3. Petter Knardal

VOLDA

Arne Eidset, Folkestadbygd (Form.)	1. Jarle Dalebø
Olav Meek, Folkestadbygd (N.form.)	2. Oddvar Runde
Petter Åsebø, Volda (Medl.)	3. Arvid Nordstrand

## 6.2 ANDRE LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

DISTRIKTENES UTBYGGINGSFOND har klassifisering av kommunene etter utbyggings-status. Både Sande og Vanylven har utbyggings-status med 25%. Dette tilseier tildeling etter distrikts-skattelova og prioritering i lån og tilskot frå D.U. Fiskefartøy har vore unnatekje D.U.-midlar då desse er mobile anlegg. Ved klassifisering som pionerprosjekt kan desse kome under D.U.-status. Fiskeforedling og fiskeoppdrett har tilgjenge til D.U.-midlar. Søknader og tilsagn i D.U. går ikkje gjennom vårt kontor. I økonomisk oversyn for 1989 frå Næringsavdelinga i fylket har vi henta desse tal.

SAMLA STØTTE FRÅ D.U. FRAM TIL 1/1-1991			TILDELING 1990	
KOMMUNE	SUM TIL KOMMUNA	SUM FISKE	FISKE	KOMM.
Sande	57.294	11.302	600	2.893
Vanylven	63.077	6.425	410	2.995
Volda	57.109	6.050	0	5.476

Tal i heile 1000,-kr.

Fiskeoppdrett har hatt tilgang til Fiskarbanken og D.U. Den vidare utbygging av oppdrettsnæringa er staten tenkt å styre gjennom INDUSTRIBANKEN. Denne er dermed under innarbeiding som hovudbank for oppdrettsnæringa og har etablert kontor i Ålesund.

LOKALE BANKAR har stor betydning for finansieringa av fiskerinæringa lokalt. Toppfinansiering og driftskreditt vert etter det vi kjenner til stort sett garantert frå lokale bankar for alle prosjekt. Utan slik garanti synest finansiering innan fiskerinæringa vere vanskelig, gjerne serleg for nye prosjekt. Økonomiske vanskar i heile næringa har medført store tap til desse finansieringskilder. Dette har ført til ei svært restriktiv haldning til nye prosjekt og til finansiering generelt. Dette fører også til at statskredittinstitusjonar får viktigare stilling for finansiering.

Desse banksamanslutningar har avdelingar i distriktet.  
KREDITTKASSEN  
SPAREBANKEN MØRE  
VOLDA OG ØRSTA SPAREBANK.

AKSJE-SELSKAP som selsskapsform vert meir vanleg også innan fiskerinæringa, men som offentleg tegning for innbyding av risikovillig kapital kjenner vi ikkje til at det er brukt. Finansiering ved kommanditt-innbyding vert også brukt i distriktet i tilknytning til A/S.

DISTRIKTSSKATTELOVA sine avsetningar har ikkje vorte tilført fiskerinæringa i distriktet med unntak av lokale avsetningar, så langt vi kjenner til.

## 7.0 PLANAR - TILTAKSARBEID.

### PLANAR.

Innan kommunene har ein til no ikkje hatt planar for fiskerinæringa. På fylkesplan har ein hatt planar som tidlegare har vore rammeplanar avledda frå sentrale fiskeriplanar.

I 1989 kom ein vidareført plan for fiskeoppdrett i fylket og i 1990 kom ein liknande plan for fiskerinæringa.

Etter planlova har kommunene nylig fått adgang også til å regulere i sitt sjøområde. I kommune-plan samanheng kan det synest nødvendig å la også sjøområdet omfattast av planen.

Kommunene er og med på å stimulere sitt næringsliv og fiskerinæringa er betydelig i distriktet. På slik bakgrunn fann Fiskerirettleiaren å ville vurdere lage eit grunnlag for å vidareføre til ein kommune-delplan for fiskerinæringa. Ein bad derfor kommunene om å utnemne eit kommunalt planutvalg som skulle styre dette arbeid. Dette vart gjort mot slutten av beretningsåret.

Ein arbeidar foreløbig med sikte på handlingsplan/stimulering då statistikken viser stagnasjon/nedgang på bedriftsnivået, som fører til større avhengigheit av bedrifter i andre kommuner, for sysselsetting.

### TILTAKSARBEID.

I handlingsplanen er det tenkt arbeide med prosjekt for auka aktivitet i fiskerinæringa innan kommunene. Foreløbig har ein sett opp ei liste som inneheld fylgjande postar.

Industrietråling i dei nære havdjup, til oppdrettsfor.

Oppdrettsfor-kjøkken/fabrikk.

Blåskjelldyrking til for-råstoff.

Sjøvsalting av sild for mindre fartøy.

Stimulering av line-egnesentralane.

Innfrysing av mindre fangstar makrell frå harpe/dorge flåte.

Innfrysing av mindre fangstar sild.

Oppdrett andre artar enn laks/aure.

Ein ventar ellers at lista vil få tillegg av andre postar.

## 8.0 OPPSUMMERING / STATUS.

1990 må kallast eit svakt år for fiskerinæringa i rettleiardiistriktet. I fiske var ressurskrisa i torskefisket og svake prisar i byrjinga av året med på å gi eit svakt grunnlag ved starten av året. Forholda betra seg noko mot slutten av året. Likevel vart årsresultatet i torskesektoren svakt. Den vesentlege del av distriktet sin fiskeflåte arbeider innan torskesektoren. Sildesektoren hadde eit rimelig bra år. Oppdrett hadde og store vanskar med fallande prisar, overproduksjon og store sjukdomsutbrot. Fiskeforedling hadde og eit svakt år, med lite råstoff og svak omsetning. Utryggheit og usikkerheit var hovudvilkår ein hadde å arbeide under.

Prognosene og framtidsutsiktene kunne tyde på svært negativ utvikling, men årsmeldinga og statistikkane tyder på at ein kom seg relativt rimeleg ut av året. Generelt synest neste år noko betre vedrørande utsiktene for heile næringa.

Ein generell stagnasjon i næringslivet med høge arbeidsløystal synest vere noko ein må leve med den næraste framtid. Dette vil ein og merke innan fiskerinæringa.

Sysselsettinga i fiske (Fiskarmanntalet blad-B) har sidan 1987 ned med 13% i Sande, 15% i Vanylven og 12% i Volda.

Fiskelåten er redusert betydeleg i distriktet og oppdrett viser redusert aktivitet.

Enkelte av bedriftene kan likevel vise til brukbare resultat, mens andre har vanskar. Inntektene frå fiske er og ujamne, enkelte med gode lottar, men stort sett i minste laget.

Arbeidsløysetrygd i fiske har vore i auke dei siste år og har og auke det siste år.

Garantilott har vorte redusert siste år i Sande, ellers ein svak stigning i dei andre kommunane.

Signal frå sentrale styresmakter tyder på at næringa har problem med overkapasitet og denne skal tilpassast på alle ledd. (Reduserast)

Flåten skal tilpassast ressursgunnlaget for jamnare beskatning over tid.

Ein ventar og eit utspel om strukturen innan flåten, denne er tillyst å kome til hausten -91.

Ein har gitt uttrykk for politisk vilje til å regulere også ved populære tiltak for å trygge aktørene i næringa. Dette må bety meir regulering og strengare kontroll.

Dette kan synest nødvendig då usikkerheit og utryggheit som fylgje av stor friheit for utøvarane synest vere for kostbar ved store svingingar i rammebetingelsane.

For stor eller for liten friheit synest like lite heldig.